

Saksbehandlar: Olav Skarsbø, Næringsavdelinga
 Sak nr.: 11/2716-84

Solund kommune - Søknad om tilleggsføring til mobilbasestasjon på Strand

Fylkesdirektøren for næring rår hovudutval for plan og næring til å gjere slik vedtak:

Solund kommune får ei tilleggsføring på kr 100 000 til mobilbasestasjon på Strand.

Vedlegg:

Søknad frå Solund kommune

Andre dokument som ikkje ligg ved:

Breibandstrategi for Sogn og Fjordane vedteken i fylkestinget 17.04.12

SAKSFRAMSTILLING

1. Samandrag

Solund kommune søker om utvida tilskot til toppfinansiering av mobile basestasjonar på Strand. Kommunane har etter lange forhandlingar komme fram til ei løysing som vil gi innbyggjarane i desse grendene god mobiltelefondekning og mobilt breiband av god kvalitet (4G).

2. Bakgrunn

Solund kommune fekk i 2010 tilsegn om kr 175 000 til delfinansiering av mobil basestasjon på Strand. Kommunen har sidan 2009 forhandla med mobilleverandørane og om å få realisert ein ny mobil basestasjon som eit spleiselag mellom kommunen, lokale brukarar og leverandøren.

Søknaden i 2010 la til grunn ei utbyggingskostnad på kr. 600 000,- noko som har vist seg å vere for lågt. Telenor tilbyr no eit løysing som vil gi mobiltelefon og mobilt breiband på 4G/LTE i det aktuelle område. Kostnadane med ei utbygging er totalt kr 1 350 000.

Finansieringsplan

Innbyggjarar / husstandar	150 000
Solund kommune	225 000
Telenor	600 000
Tilskot frå Sogn og Fj. Fylkeskommune i 2009	175 000
Manglande dekning (denne søknaden)	200 000
SUM	1 350 000

3. Saksvurdering

Solund kommune vurderer tilbudet frå Telenor som den einaste mogelege løysinga for å få bygd ut tilfredstillande mobiltelefondekning og breiband i området. Strand har ein krevjande topografi og spreidd busetnad. Dagens koparnett og fasttelefon er i dårleg stand.

Telenor har leveringsplikt på telefoni og må levere på dagens koparnett fram til alternative løysingar er etablert. Telenor har rekna ut at det er nødvendig med eit tilskot på kr. 750 000,- for å kunne bygge ein mobil infrastruktur i Strand. Tilskotet vil dekke eit årleg underskot på drift akkumulert i 10 år.

Lokale brukarar i har gått inn med 150 000, noko som visar at det lokale engasjementet er stort for å få tilgang på mobiltelefon og mobilt breiband.

Solund kommune har etter at søknaden om tilleggsøyving vart sendt hatt nye drøftingar med Telenor og komme fram til følgjande forslag til dekning av dei manglande midlane:

Telenor	50 000
Solund kommune	50 000
Tilskot frå Sogn og Fj. Fylkeskommune	100 000
SUM	200 000

4. Konklusjon/tilråding

Solund kommune får ei tilleggsøyving på inntil kr 100 000 til utbygging av basestasjon for mobiltelefoni og data (LTE/4G) på Strand.

Tilleggsøyvinga føreset ei toppfinansiering frå Telenor og Solund kommune slik at utbygginga kan gjennomførast og settast i drift utan nye kostnader. Mobilbasestasjon på Strand må settast i produksjon innan 1.5.2015.

Løyvinga kjem frå restmidlar frå breibandprosjekt som er gjennomført under budsjett eller som ikkje er realisert.